

Vinter

Tekst: Jon Fosse 2011

Melodi: Gabriel Fliflet 2012

1. Vin - te-ren ly - ser sitt mør - ker så kvitt så kvitt som snø. Og
2. Net - te-ne lan - ge som å - ret dei gjer det godt å so - va. Så
3. Snø - en er kvit_ han som stjer - ner og kul - den er så klår. Og
4. Lo - ga-ne go - de og rau - de gjer hu - set varmt og trygt._ Vi

Vinter

Vinteren lyser sitt mørker
så kvitt så kvitt som snø
Og kulden gjer oss klåre
i desse dagane våre

Nettene lange som året
dei gjer det godt å sova
Så no skal de få kvila
for det har vinteren lova

Snøen er kvit han som stjerner
og kulden er så klår
Og deg og meg i huset
og logar i omnen vår

Logane gode og raude
gjer huset varmt og trygt
Vi held ikring kvarandre
i huset dei har bygt

*Det går rundt og rundt
Det er vinter det er sommar
det er haust og vår
Og det blir til eit år*